

Søknad

Søknadsnr.	2019-0135	Søknadsår	2019	Arkivsak	19/2063
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019				
Prosjektnavn	Utvikling og etablering av kunnskapscenter skred				

Kort beskrivelse

Kunnskapscenter for skred lokalisert i Dalalåven i Sogndalsdalen skal ta posisjonen som den viktigaste møteplassen for folk flest som vil læra meir og snøskred og trygg ferdsel i bratt vinterlandskap, med hovudvekt på oppveksande generasjonar. Kunnskapscenteret er nyskapande og vert såleis eineståande i sitt slag. Innhaldet i skredcenteret skal byggjast kring lokal og regional kunnskap, og såleis løfta fram og vidareutvikla desse kunnskapsmiljøa i fellesskap.

Prosjektbeskrivelse

Kunnskapscenteret for skred vil gje miljøa som har vakse fram kring opplevingar og aktivitetar i naturen vår, ofte kalla det nyskapande friluftslivet, eit nytt løft og stadfesta posisjonen til Sogn og Fjordane som den fremste regionen når det kjem til kunnskap om skred, klimapåverknad og ferdsel i bratt landskap. Skredcenteret gjennom digitale presentasjonar gje læring og kunnskap som inspirerer til trygge naturopplevingar.

Låvebana til Dalalåven, om lag 150 kvadratmeter, vil saman med låvebrua ute utgjera den fysiske ramma til skredcenteret. Centeret skal nytta seg av digitale verkemiddel for å verta eit læringscenter om snøskred spesielt og meir generell kunnskap om ferdsel i naturen. Når ein er komen inn på låvebana vil digitale verktøy gje deg ei kjensle av å vera inne i eit dalføre. Her vil ein mellom anna oppleva vinterstormar og vêrendringar som medfører skredfare.

Det skal også byggjast fysiske installasjonar der ein kan simulera ulike typar snødekke og lagdelingar, terrengformasjonar og vêrtforhold for å sjå korleis desse faktorane påverkar skredfare. Det skal også installerast ulike snøprofilar som illustrerer ulike problemstillingar kring ferdsel i bratt vinterterreng, korleis ein varslar skredfare og korleis ein nyttar skalaen for varsel av skredfare. Sjølve låvebrua skal motoriserast og vil få ein hev- og senkefunksjon med gradvisning av brattleiken, slik at ein kan få kjenna på og læra kor bratt terrenget er når det utgjør skredfare.

I skredcenteret vert det også fokus på den menneskelege faktoren: Kvifor og korleis tek mennesket vala sine, kva på verkar vala våre og kva kan gjerast for å ta dei rette vala? Kvifor bør alle som ferdist i bratt vinterterreng ta skredkurs? Korleis utfører ein god kameratredning?

Innhaldsproduksjonen vert gjort i tett samarbeid med NVE og personane bak skredvarslingsstenesta varsom.no, det gjeld både det digitale- og det fysiske innhaldet i skredcenteret. Markus Landrø, leiar for observatørkorpsset til NVE (skredvarslingsstenesta varsom.no), vil ha det faglege ansvaret for oppbygginga av skredcenteret.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Bratt moro AS Org.nr:993466204	Fosshaugane Campus 6856 SOGNDAL	90999350
Kontakt- person	Tor Yttri	Kvam 6856 SOGNDAL	90999350
Prosjekt- leder	Tor Yttri	Kvam 6856 SOGNDAL	90999350

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Støtte til bedriftsnettverket Ecosystem services in Sogn

Infrastrukturmidlar toppturparkering

Spesifikasjon

Bakgrunn

I 2008 starta vi opp Fjellsportfestivalen, eit årvisst arrangement som no er etablert som Noregs største vinterfestival. Heilt frå starten av har vi freista å kopla kunnskapsformidling til opplevingane og aktivitetane i festivalen, og andre arrangement og aktivitetar vi har etablert. I nært samarbeid med snøskredvarslinga til NVE (Noregs vassdrags- og energidirektorat), Høgskulen på Vestlandet, Røde Kors og ulike aktivitetsverksemdar har vi arrangert kurs, workshops og seminar med opp til 350 deltakarar med mål om å spreia meir kunnskap om skred og trygg ferdsel i bratt vinterlandskap.

Draumen vår har heile tida vore å realisera eit senter for fjellsport, ein møteplass for dei som trekkjer mot bratt friluftsliv. Så langt har vi ikkje hatt finansiell styrke til dette, men no er vi i ferd med å realisera denne draumen gjennom bygginga av Dalalåven.

Vi ser at merksemda vi har skapt gjennom etableringa av Fjellsportfestivalen, der ei rekkje ulike miljø og organisasjonar har jobba ilag, har vore med og auka attraktiviteten til Sogndal og regionen, for studentar, for yrkesaktive og nyetablerarar. I dag seier dei unge «vår framtid, dykkar ansvar». Vi er samde i dette og svarar «dykkar framtid, vårt ansvar» gjennom etableringa av kunnskapsenteret for skred.

I september 2018 starta Bratt moro AS bygginga av Dalalåven saman med Sogndal Skisenter AS og Sognefjorden Utvikling AS, i regi av Dalalåven AS. Bygget skal husa sportsbutikk med ski- og sykkelutleige mv, kontor, kafe, undervisnings- og konsertlokale i hovudhøgda. Bygget er kostnadsrekna til om lag 17 millionar kroner og er finansiert gjennom eigenkapital og lån. Eitt av måla våre då me planla bygget, var å byggja så stort at vi kunne husa senteret vi har drøymt om.

Bygginga av Dalalåven er eit i overkant tungt økonomisk løft for ein liten organisasjon som Bratt moro, men skapartrongen og dugnadskrafta bak er så sterk at me har besatemt oss for å ta dette løftet. No treng vi økonomisk støtte til å byggja innhald.

I andre høgda, på låvebana til Dalalåven, vil vi byggja kunnskapsenteret for skred, Sogndal skredsenter, i samarbeid med Sogndal Skisenter, NVE og skredredningsgruppa for Sogn.

Prosjekt mål

Målet med utviklinga og etableringa av kunnskapssenteret for skred er å skapa ein utviklande møteplass for dei stadig aukande gruppene og miljøa som søker naturopplevingar i bratt vinterlandskap, då med særleg vekt på oppveksande generasjonar. Målet er også å stadfesta posisjonen til regionen vår som den fremste for bratt friluftsliv og kunnskap om trygg ferdsel i bratt friluftsliv. Av røynsle veit vi at ei slik nyskapande satsing gjev regionen auka attraksjonskraft og bulyst. Her viser vi til utviklinga i Sogndal sidan vi starta opp Fjellsportfestivalen i 2008 og dei påfølgjande tiltaka i ettertid, mellom anna bulystprosjektet «Kunnskapbase og møteplass for fjellsport og ekstremспорт». Dette vert av mange brukt som ein av dei viktigaste forklaringsfaktorane til den positive folketalutviklinga i Sogndal dei seinare åra, og forklaring på dei gode søkjartala til studiestaden Sogndal. Gjennom bygginga av Dalalåven og etableringa og utviklinga av kunnskapssenteret for skred tek vi eit langt steg vidare.

Det første delmålet er at vi opnar kunnskapssenteret for skred og den første utstillinga her vinteren 2019/2020. Eksakt mål for talet på gjester er vanskeleg å setja, men målet er at alle i målgruppene skal bruka tid på å tileigna seg kunnskap her, at det vert ein naturleg stad å søkja til før og etter toppturen. Eit viktig delmål er det også at kunnskapssenteret vert ein katalysator og supplement til aktivitetsverksemdar som tilbyr skredkurs og guida turar. Sameleis er det eit mål at kunnskapssenteret vert nytta i undervisningssamanheng, heilt frå barneskulesteget til universitetet og høgskule.

Det viktigste målet er uansett at dei oppveksande generasjonane tileignar seg kunnskapen kunnskapssenteret tilbyr. Difor vil dei unge verta invitert til å vera med i utforminga av senteret, slik at me målrettar attraksjonsverdien mot den aller viktigaste målgruppa.

Greier vi å nå desse måla, vil vi også lukkast med å nå sentrale mål som er nedfelt i Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2015 og Regional plan for klimaomstilling 2018-2021.

«Sogn og Fjordane skal bli ein av dei fremste regionane i verda for berekraftige, naturbaserte opplevingar med høg kvalitet i møte med engasjerte menneske og unik fjordnatur – fjord, bre, fjell, fossar, kyst og hav – som skal styrkje grunnlaget for lønsam, heilårleg næringsverksemd, trivsel og busetnad i heile fylket. Vi skal levere lokalt særpreg, høg kvalitet, engasjerte menneske, trivsel og berekraftige opplevingar i verdsklasse i unik fjordnatur – fjord, bre, fjell, fossar, kyst og hav». (Frå Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane 2014-2025).

For å måla effektar og måloppnåing på eit meir vitenskapleg nivå, er det naturleg at vi knyter kontakt med FOU- og utdanningsinstitusjonar som td Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning. Her har ikkje vi kunnskapen som skal til, men vil nyttegjera oss av gode samarbeidspartnarar. Gjennom vinterhalvåret har Sogndal Skisenter konkrete tal på kor mange som kjøper heiskort og kor mange som parkerer. Dette er grunnlagstal som lett kan nyttast for å måla måloppnåinga for besøkstal til kunnskapssenteret for skred.

Forankring

Sjølv om vi er i startfasen for utvikling og etablering av kunnskapssenter for skred i Dalalåven, er prosjektet godt forankra hjå sentrale samarbeidspartnerar som Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), Sogndal kommune, Sogndal Skisenter, skredredningsgruppa for Sogn, Norsk Bremuseum & Ulltveit-Moe senter for klimaviten, Høgskulen på Vestlandet (HVL), Wyssen Norge, Idrettssenteret og fleire. Dei fysiske investeringane er i samsvar med reguleringsplanen til Sogndal kommune, og sjølve satsinga er i tråd med kommunen sine ambisjonar om å satsa på kunnskap og nyskapande friluftsliv.

Prosjektet er også forankra på det viset at satsinga er ein del av eit stort spleiselag mellom det offentlege og privat næringsliv, der kunnskapsdelen i form av eit kunnskapssenter for skred spelar ei vesentleg rolle i den pågåande destinasjonsutviklinga.

Vi meiner også ambisjonane og måla samsvarar godt med strategiane Sogn og Fjordane fylkeskommune har sett gjennom verdiskapingsplanen og klimaplanen.

Prosjektorganisering

Prosjekteigar Bratt moro AS er eit aksjeselskap, med 31 eigarar, for det meste privatpersonar som har vore med og bygt opp Fjellsportfestivalen og ei rekkje andre aktivitetar og arrangement. Her er aksjeeigarane i Bratt moro AS: Anja-Therese Fardal, Breogfjell, Åse Bystøl, Louis Anda, Reidar Dvergedal, Yngve Hallén, Efl AS (Erlend Fardal Lunde), Lars Olav Halleråker, Helge Bondevik, Hofslundsengen Invest AS (Magne Hofslundsengen), Jo Marius Bøyum, Nils Arne Hove, Håvard Myrvang, Inga Marie Osestad Skavhaug, Jan Tore Rosenlund, Kjell Kvåle, Kjetil Kvåle, Kåre Træen, Bjørn Ness, Stein Magne Os, Ove Ellingsen, Per Øvreset, Rosa Marie Skovli Berg, Gunnar Solbakken, Tor Yttri, Torgeir Skålid, Vegard Vereide, Per-Odd Grevsnes, Vidsyn Rådgivning (Jan Øhlckers) og Håvard Øyrehagen. Vilåret for å vera aksjeeigar i Bratt moro AS og Fjellsportfestivalen AS (dei same eigarane) er at ein legg ned stor dugnadsinnsats i arrangementa, og ikkje har forventningar om utbyte i form av noko anna enn opplevingar og dugnadsfellesskap.

Dalalåven AS er også eit aksjeselskap der Bratt moro AS eig 33% (initiativstakar) og Sogndal Skisenter Drift AS 67%. Sogndal Skisenter Drift AS er majoritetseigd av Sogndal kommune, gjennom Sogndal Skisenter Eigedom AS. Nest største eigar her er utbyggingsselskapet Sognefjorden Utvikling AS.

I oppstartfasen for kunnskapssenter for skred er det styreleiar i Bratt moro AS, Tor Yttri, som er prosjektleiar. Yttri var initiativtakar til Fjellsportfestivalen, som i dag er godt etablert som den største og viktigaste vinterfestivalen i Noreg i sitt segment. Innholdsproduksjonen vert gjort i tett samarbeid med NVE og personane bak skredvarslingstenesta varsom.no, det gjeld både det digitale- og det fysiske innhaldet i skredsenteret. Markus Landrø, leiar for observatørkorpset til NVE (skrevarslingstenesta varsom.no), vil ha det faglege ansvaret for oppbygginga av skredsenteret. Saman med Yttri og Landrø, utgjer styremedlemene i Bratt moro AS, entreprenør Magne Hofslundsengen og Yngve Hallèn, arbeidsgruppa som jobbar med realiseringa av prosjektet no i startfasen.

Vi vil naturleg spela kvalitetane til dei andre aksjeeigarane i Bratt moro AS og samarbeidspartnerane elles. Vi meiner å ha dokumentert god gjennomføringskraft gjennom Fjellsportfestivalen og Bratt moro, og no sist bygginga av Dalalåven. Vi meiner også vera gode på nettverksbygging, noko vi meiner karakteriserer prosjekta vi har gjennomført og ikkje minst dette prosjektet, kunnskapssenter for skred. Ikkje minst meiner vi å sitja inne med ei unik dugnadskraft, noko vi ger gjennom å samla representantar for ulike miljø i felles prosjekt. Saman får vi ting til.

Samarbeidspartnere

NVE – fagleg innhald.

Wyssen Norge – fagleg innhald.

Dalalåven AS – eig bygget Dalalåven og garanterer kunnskapsenteret for skred fri husleige første fem åra.

Sogndal Skisenter AS – har felles mål om å auka besøkstal og attraktiviteten. Har også felles mål om å utvikla både vinter- og sommaraktivietar i tilknytning til Dalalåven.

Sogndal kommune – Økonomisk bidragsytar og premissleverandør som reguleringsplanstyresmakt og planstyresmakt. Har felles mål om å auka bulyst og attraksjonskraft.

HVL – fagleg samarbeid. Har felles mål om å gjera kunnskap tilgjengeleg for eigne studentar og andre målgrupper.

Skredredningsgruppa for Sogn (Røde Kors) – fagleg samarbeid. Landets mest kompetente skredredningsgruppe vart etablert etter initiativ frå Bratt moro og har felles mål med Bratt moro om å spreia kunnskap, og å kopla opplevingar med kunnskapsdeling.

Sparebanken Vest – økonomisk bidragsytar som meiner tiltaka Bratt moro står bak er samfunnsgagnlege og viktige i næringsutviklingssamanheng.

Fjellsportfestivalen AS – ein organisasjon med dei same eigarane som Bratt moro med mål om å byggja festivalen sterkare. Tilfører oss enorm dugnadskraft og entusiasme, og er ein smeltedigel for fastbuande og nye friluftinteresserte personar som flyttar til kommunen.

Norsk Bremuseum & Ulltveit-Moe senter for klimaviten – samarbeidspartner fagleg innhald. Utfyller kvarandre i innhald.

Vi vurderer heile tida ulike finansieringsmoglegheiter. Den viktigaste krafta vi har er uansett alle menneska som dreg ilag mot eit felles mål. Det har vore og vil verta lagt ned eit enormt dugnadsarbeid for å oppfylla ambisjonane våre. Vi går også inn med eigne pengar for å få dette til, ikkje minst gjennom bygginga av Dalalåven.

Aktivitetar

Kunnskapsenteret for skred vert det første av sitt slag i verda og vil setja Sogn og Fjordane på kartet når det gjeld kunnskap om ferdsel i bratt vinterterreng. Skredsenteret vil nyttegjera seg av den høge kompetansen som allereie er her i form av tindevegleiarar og fjellførarar, geologi og klimaforskning. Skredsenteret tek sikte på å vera ope heile året, ta ein nasjonal posisjon innan formidling av kunnskap kring ferdsel i bratt terreng. Vi er trygge på at skredsenteret også vil verta ein attraksjon i reiselivssamaheng, der ein koplur opplevingar og aktivitetar til kunnskapsformidling. Skredsenteret vil styrka eksisterande verksemder og institusjonar som driv innan desse fagfelta, og vonleg gje grunnlag for nye etableringar.

Såleis bør etableringa av skredsenteret også vurderast som eit godt og målretta tiltak for å gjera regionen vår attraktiv for unge som vil etablere seg her.

Målgrupper

Kunnskapssenteret for skred tek sikte på å treffa alle som driv friluftsliv i bratt vinterterreng, det skal vera ein stad der heile familien kan læra om skredproblematikk og utforska kva som medfører skredfare. Vi tek, saman med NVE og skredverksemda Wyssen Norge i Sogndal, sikte på ein innhaldsproduksjon som vil vera nyttig for alle folk som bur og ferdast i skredutsette område, det vil seia store deler av landet vårt. Skredsenteret tek også sikte på å byggja innhald og kompetanse målretta mot grupper som brøytebilsjåførar og personell som jobbar innan ulike naud- og beredskapsorganisasjonar.

Eit vesentleg mål for skredsenteret er også at ein skal læra opp folk flest til å leggja inn observasjonar i regobs (NVE-applikasjonen som samlar inn observasjonar frå både ekspertar og folk flest, for å gjera skredvarslinga meir treffsikker), noko som vil gjera snøskredvarslinga meir presis og auka kunnskapsnivået hjå folk flest.

Skredsenteret har som mål å vera ein møtestad for alle som søker kunnskap innan dette feltet, og då særleg unge og oppveksande generasjonar. Målet er å leggja til rette for at kunnskapsverksemder i fylket, utdanningsintitusjonar og aktivitets- og kursverksemder kan nyttegjera seg av senteret, og såleis stadfesta og styrka posisjonen vår i Sogn og Fjordane som ein region med den fremste kunnskapen innan skred og ferdsel i bratt landskap. Det er etter vårt syn avgjerande viktig at vi i vår region tek denne posisjonen, sidan vi har både dei naturgjevne føresetnadene og kunnskapsressursane her. Bratt moro vil ta sitt samfunnsansvar i så måte, men treng fleire med på laget.

Resultat

Vi er sikre på at dette er den rette vegen inn i framtida for regionen vår; byggja kunnskap på område der vi er gode og kan ta leiande posisjonar. Sett i lys av desse måla forventar vi at resultatata vert styrka bulyst, auka attraksjonsverdi for regionen vår og eit auka fokus på livbergande kunnskapsdeling.

Men først og fremst håpar vi resultatet vert at langt fleire tileignar seg og nyttegjer seg av kunnskapen kunnskapssenteret skal spreia; kunnskap om trygg ferdsel i bratt vinterlandskap. Det er elles naturleg å venta at eksisterande aktivitetsverksemder vil auka aktiviteten i form av kurs og føringsturar som følgjer av denne etableringa. Håpet vårt er også at vi skal greia å gjera kunnskap om snøskred til noko ålment, at oppvekande generasjonar gjennom kunnskapssenteret for skred tileignar seg langt meir kunnskap i ein langt tidlegare fase av livet enn oss som er vaksne i dag har gjort. Det er også naturleg å forventa gründervilje og nye etableringar i tilknytning til eit slikt senter, slik e effektar vi har sett gjennom etableringa av Fjellsportfestivalen og aktivitetar i regi av Bratt moro.

Effekter

Vi håpar Sogn og Fjordane fylkeskommune ser positivt på denne søknaden, og at de har tillit til gjennomføringskrafta vår. Vi viser i så måte til tidlegare samarbeid, mellom anna gjennom bulystprosjektet «Kunnskapssbase og møteplass for fjellsport og ekstremisport». Kunnskapssenter for skred byggjer vidare på fundamentet som vart skapt gjennom bulystprosjektet.

Gjennom denne satsinga seier vi «vårt ansvar, dykkar framtid» til dei som er unge i dag og komande generasjonar.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Så snart vi har fått finansieringa på plass, set vi i gang innreiinga av låvebana og konstruksjonen av den motoriserte låvebrua. Planleggingsarbeidet er godt i gang, også det som går på fagleg innhald og utstillingsdelen. Fysik byggjestart er planlagt til medio juni, slik at montering av dei digitale verktøya, installasjonane og sjølve utstillinga kan ta til medio august i år.

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Innreiing lokale og låvebru	1 450 000					1 450 000
Konsulenttenester	850 000					850 000
Marknadsføring	500 000					500 000
Næringsretta infrastrukturtiltak	1 500 000					1 500 000
Utvikling av utstillinga	1 800 000					1 800 000
Sum kostnad	6 100 000					6 100 000

Under posten Næringsretta infrastrukturtiltak ligg tilkomst (universell) til sjølve skredsenteret via låvebrua til låvebane, utelaboratorium, sykkel- og vandrestilkomst mv.

Innreiing lokale og låvebru: Byggjekostnader som inkluderer tømrararbeid, elektro og tekniske installasjonar.

Konsulenttenester: Arbeid fagløg innhald (NVE, Wyssen Norge m.fl.)

Utvikling av utstillinga: Digitale verktøy og installasjonar, snøprofilmodellar, byggjesett til bygging og testing av snøprofilar, utstilling, produksjon av videoar mv.

Marknadsføring: Marknadsføring i fagtidsskrift, lokale/regionale media og sosiale medier mv.

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Bratt moro AS	850 000					850 000
NVE	500 000					500 000
Sogndal kommune	1 500 000					1 500 000
Sparebanken Vest	1 000 000					1 000 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	2 250 000					2 250 000
Sum finansiering	6 100 000					6 100 000

Dalalåven AS får sine inntekter frå faste leigeetakarar og aktivitetar i første høgda. Dalalåven AS er innstilt på å gje fri husleige til kunnskapssenteret for skred i andre høgda (låvebana), for såleis å syta for at etableringa ikkje vert vanskeleggjort med høge driftsutgifter. Finansieringa vi søker no er til utvikling av kunnskapssenteret for skred og den første utstillinga/installasjonen. Eventuelle inntekter her frå inngangspengar, sponsorar eller andre skal gå til å drifta og vidareutvikla kunnskapssenteret. Det vil, i løpet av første driftsfase, bli vurdert om kunnskapssenteret for skred skal etablerast som eit eige aksjeselskap med ein ideell føremålsparagraf.

Alle postar i budsjettet og finansieringsplanen vil det bli rapportert på. NVE sin sum i finansieringsplanen er det allereie påstarta arbeidet med innhald og dette er nøkternt vurdert. Når det gjeld Bratt moro sitt eige økonomiske bidrag på 850.000 kroner, må dette også sjåast i lys av investeringa i sjølve Dalalåven. I tillegg kjem eigeninnsats i form av eige arbeid (dugnad), som vi i liten grad reknar inn her.

Bratt moro AS sin økonomiske innsats kjem på toppen av investeringane i bygget Dalalåven. NVE sin innsats er forsiktig estimert, truleg vil deira bidrag i form av medverknad og fagansvar til innhaldsutviklinga i skredsenteret verta monaleg større. Sparebanken Vest har allereie bidrege med 1 million kroner til realiseringa av Dalalåven, og ein ny søknad til utviklinga av skredsenteret er sendt inn no. Sogndal kommune

har løyvd 1,5 millionar kroner i budsjettet for 2019 til næringsutvikling og utvikling av heilårstilbodet i Hodlekve. Skredsenteret er ein vesentleg del av denne satsinga.

Geografi

1420-Sogndal

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato